



Forskrift om endring av forskrift 2015-12-11-1446 om inndeling i jordskiftesokn og tilordning til lagmannsrettane

| | |
|----------------|---|
| Dato | FOR-2019-11-15-1519 |
| Departement | Landbruks- og matdepartementet |
| Ikrafttredelse | 01.01.2020 |
| Endrer | FOR-2015-12-11-1446 |
| Gjelder for | Norge |
| Hjemmel | LOV-2013-06-21-100, LOV-1915-08-13-5-§16 |
| Kunngjort | 18.11.2019 kl. 15.10 |
| Journalnr | 2019-0957 |
| Korttittel | Endr. i forskrift om inndeling i jordskiftesokn mv. |

Innholdsfortegnelse

| | |
|--|----------|
| Forskrift om endring av forskrift 2015-12-11-1446 om inndeling i jordskiftesokn og tilordning til lagmannsrettane | 1 |
| Innholdsfortegnelse | 2 |
| I | 3 |
| II | 5 |

Heimel: Fastsett ved kgl.res. 15. november 2019 med heimel i lov 21. juni 2013 nr. 100 om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. (jordskiftelova) og lov 13. august 1915 nr. 5 om domstolene (domstolloven) § 16. Fremma av Landbruks- og matdepartementet.

I

I forskrift 11. desember 2015 nr. 1446 om inndeling i jordskiftesokn og tilordning til lagmannsrettane blir det gjort følgjande endringar:

Del I punkt 1 til 3 skal lyde:

1. Finnmark jordskifterett lokalisert til Vadsø:

Følgjande kommunar skal sokne til Finnmark jordskifterett: Vadsø, Sør-Varanger, Vardø, Lebesby, Gamvik, Båtsfjord, Berlevåg, Tana, Nesseby, Porsanger, Karasjok, Kautokeino, Hammerfest, Måsøy, Hasvik, Nordkapp, Alta og Loppa.

2. Nord-Troms jordskifterett lokalisert til Tromsø:

Følgjande kommunar skal sokne til Nord-Troms jordskifterett: Målselv, Sørreisa, Senja, Tromsø, Balsfjord, Karlsøy, Lyngen, Storfjord, Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa og Kvænangen.

3. Ofoten og Sør-Troms jordskifterett lokalisert til Harstad:

Følgjande kommunar skal sokne til Ofoten og Sør-Troms jordskifterett: Narvik, Evenes, Tjeldsund, Kvæfjord, Harstad, Ibestad, Gratangen, Lavangen, Salangen, Dyrøy og Bardu.

Del I punkt 5 skal lyde:

5. Salten jordskifterett lokalisert til Bodø:

Følgjande kommunar skal sokne til Salten jordskifterett: Rødøy, Meløy, Gildeskål, Beiarn, Saltdal, Bodø, Fauske, Sørfold, Steigen, Hamarøy, Røst og Værøy.

Del I punkt 7 til 16 skal lyde:

7. Nord-Trøndelag jordskifterett lokalisert til Steinkjer:

Følgjande kommunar skal sokne til Nord-Trøndelag jordskifterett: Namsos, Lierne, Røyrvik, Namsskogan, Grong, Høylandet, Overhalla, Flatanger, Nærøysund, Leka, Osen, Steinkjer, Inderøy, Snåsa, Frosta, Levanger og Verdal.

8. Sør-Trøndelag jordskifterett lokalisert til Trondheim:

Følgjande kommunar skal sokne til Sør-Trøndelag jordskifterett: Ørland, Hitra, Frøya, Åfjord, Heim, Indre Fosen, Meråker, Stjørdal, Trondheim, Skaun, Melhus, Malvik, Selbu, Tydal, Oppdal, Rennebu, Orkland, Røros, Holtålen og Midtre Gauldal.

9. Nordmøre jordskifterett lokalisert til Surnadal:

Følgjande kommunar skal sokne til Nordmøre jordskifterett: Rindal, Surnadal, Sunndal, Tingvoll, Aure og Smøla.

10. Romsdal jordskifterett lokalisert til Molde:

Følgjande kommunar skal sokne til Romsdal jordskifterett: Rauma, Gjemnes, Kristiansund, Averøy, Hustadvika, Aukra, Vestnes og Molde.

11. Sunnmøre jordskifterett lokalisert til Ørsta:

Følgjande kommunar skal sokne til Sunnmøre jordskifterett: Fjord, Giske, Ålesund, Sula, Sykkylven, Stranda, Ørsta, Volda, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid.

12. Nordfjord jordskifterett lokalisert til Nordfjordeid:

Følgjande kommunar skal sokne til Nordfjord jordskifterett: Stad, Stryn og Gloppen.

13. Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett lokalisert i Førde:

Følgjande kommunar skal sokne til Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett: Kinn, Sunnfjord, Bremanger, Fjaler, Askvoll, Hyllestad, Solund, Gulen og Høyanger.

14. Indre Sogn jordskifterett lokalisert til Sogndal:

Følgjande kommunar skal sokne til Indre Sogn jordskifterett: Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal, Luster, Vik.

15. Nord- og Midthordland jordskifterett lokalisert til Bergen:

Følgjande kommunar skal sokne til Nord- og Midthordland jordskifterett: Fedje, Øygarden, Austrheim, Alver, Masfjorden, Modalen, Vaksdal, Osterøy, Askøy, Samnanger, Kvam, Bjørnafjorden, Austevoll og Bergen.

16. Indre Hordaland jordskifterett lokalisert til Voss:

Følgjande kommunar skal sokne til Indre Hordaland jordskifterett: Voss herad, Ulvik, Eidfjord og Ullensvang.

Del I punkt 18 til 21 skal lyde:

18. Sør-Rogaland jordskifterett lokalisert til Stavanger:

Følgjande kommunar skal sokne til Sør-Rogaland jordskifterett: Hjelmeland, Strand, Kvitsøy, Randaberg, Stavanger, Sola, Sandnes, Klepp, Time, Gjesdal, Bjerkreim, Hå og Eigersund.

19. Lista jordskifterett lokalisert til Flekkefjord:

Følgjande kommunar skal sokne til Lista jordskifterett: Lund, Sokndal, Sirdal, Kvinesdal, Flekkefjord, Lyngdal og Farsund.

20. Marnar jordskifterett lokalisert til Kristiansand:

Følgjande kommunar skal sokne til Marnar jordskifterett: Åseral, Hægebostad, Lindesnes, Kristiansand og Vennesla.

21. Aust-Agder jordskifterett lokalisert til Arendal:

Følgjande kommunar skal sokne til Aust-Agder jordskifterett: Bykle, Valle, Bygland, Åmli, Evje og Hornnes, Iveland, Birkenes, Lillesand, Grimstad, Arendal, Froland, Vegårshei, Gjerstad, Tvedestrand og Risør, dvs. alle kommunane i Aust-Agder.

Del I punkt 23 til 25 skal lyde:

23. Nedre Telemark jordskifterett lokalisert til Skien:

Følgjande kommunar skal sokne til Nedre Telemark jordskifterett: Notodden, Midt-Telemark, Nome, Drangedal, Kragerø, Bamble, Porsgrunn, Skien og Siljan.

24. Vestfold jordskifterett lokalisert til Tønsberg:

Følgjande kommunar skal sokne til Vestfold jordskifterett: Larvik, Sandefjord, Færder, Tønsberg, Horten, Holmestrand, dvs. alle kommunane i Vestfold.

25. Nedre Buskerud jordskifterett lokalisert til Drammen:

Følgjande kommunar skal sokne til Nedre Buskerud jordskifterett: Asker, Lier, Drammen, Øvre Eiker, Kongsberg, Flesberg, Rollag, Modum, Hole, Ringerike, Krødsherad og Sigdal.

Del I punkt 33 og 34 skal lyde:

33. Akershus og Oslo jordskifterett lokalisert til Lillestrøm:

Følgjande kommunar skal sokne til Akershus og Oslo jordskifterett: Hurdal, Eidsvoll, Nannestad, Ullensaker, Nes, Gjerdrum, Nittedal, Lillestrøm, Oslo, Bærum, Lørenskog, Rælingen, Aurskog-Høland, Enebakk, Nordre Follo, Nesodden, Frogn, Ås og Vestby.

34. Østfold jordskifterett lokalisert til Sarpsborg:

Følgjande kommunar skal sokne til Østfold jordskifterett: Marker, Indre Østfold, Våler, Skiptvedt, Moss, Råde, Fredrikstad, Hvaler, Sarpsborg, Rakkestad, Aremark og Halden.

Del II punkt 4, 5 og 6 skal lyde:

4. Agder lagmannsrett:

Følgjande jordskifterettar skal sokne til Agder lagmannsrett: Lista jordskifterett med unntak for saker som kjem frå kommunane Sokndal, Lund og Sirdal, Marnar jordskifterett, Aust-Agder jordskifterett, Øvre Telemark jordskifterett, Nedre Telemark jordskifterett og Vestfold jordskifterett.

5. Eidsivating lagmannsrett:

Følgjande jordskifterettar skal sokne til Eidsivating lagmannsrett: Vestoppland og Sør-Gudbrandsdal jordskifterett, Valdres jordskifterett, Nord-Gudbrandsdal jordskifterett, Hedemarken og Sør-Østerdal jordskifterett, Glåmdal jordskifterett, Nord-Østerdal jordskifterett. Det same gjeld saker som kjem frå Akershus og Oslo jordskifterett i første instans med unntak for saker frå kommunane Oslo, Bærum, Nesodden, Nordre Follo, Frogn, Ås, Vestby og Enebakk.

6. Borgarting lagmannsrett:

Følgjande jordskifterettar skal sokne til Borgarting lagmannsrett: Nedre Buskerud jordskifterett, Øvre Buskerud jordskifterett og Østfold jordskifterett. Det same gjeld saker som kjem frå kommunane Oslo, Bærum, Nesodden, Nordre Follo, Frogn, Ås, Vestby og Enebakk som høyrer inn under Akershus og Oslo jordskifterett i første instans. Det gjeld dessutan saker som kjem frå Jevnaker kommune som høyrer inn under Vestoppland og Sør-Gudbrandsdal jordskifterett i første instans.

II

Endringane gjeld frå 1. januar 2020.

Endringane som gjeld tidlegare kommunar som skifter domssokn gjeld ikkje der behandlinga av saka er teken til i det gamle domssoknet før ikraftsetjing av endringane. Behandlinga er teken til dersom jordskifteretten har teke stilling til om vilkåra for å behandle saka er til stades jf. jordskiftelova § 6-4.

Meddommarar som er oppnemnde frå kommunar som skifter domssokn som følge av endringane, skal framleis gjere teneste i det domssoknet dei er oppnemnde for.